



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- MØTE NR.:** 05 i tingperioden 2013-2015
- FRÅ:** Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
- STAD/DATO:** Skei, Skei Hotell/22. april 2014.
- TIL STADES:** Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel, Asle Sande (1. varamedlem), og Yngve Thorsen (adm.).
- Lars Kveen (hopp- og kombinertkomiteen) deltok i møte i samaband med *Sak 58 13-15 og 60 13-15*.
- FORFALL:** Lilly Schøyen og Reidun Hegrenes.
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- SAKLISTE:**
- REFERATSAKER**  
*Sak 56 13-15* Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15
- RAPPORTERING**  
*Sak 57 13-15* Rekneskap pr. 31.12.2013
- ORIENTERINGSAKER**  
*Sak 58 13-15* Oppsummering sesongen 2013-2014  
*Sak 59 13-15* Skitinget 2014  
*Sak 60 13-15* Opning av plashoppbanen i Bjørkelibakkane, 11. juni 2014  
*Sak 61 13-15* SleipnerHoven Loen  
*Sak 62 13-15* Interkommunalt samarbeid om Jølster Skisenter (Jølster og Førde kommune)  
*Sak 63 13-15* Ski i Skulen 2014
- DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**  
*Sak 64 13-15* Revidert budsjett 2014  
*Sak 65 13-15* Gjesteliste i samband med Skitinget 2014  
*Sak 66 13-15* Representasjon Skitinget 2014  
*Sak 67 13-15* Vår møtet 2014  
*Sak 68 13-15* Møteplan Skikrinsstyret – hausten 2014  
*Sak 69 13-15* Norges Skiforbund sin Jubileumspokal
- EVENTUELT**
-



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## REFERATSAKER

### **Sak 56 13-15**

#### **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15 Bakgrunn**

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15 er utsendt på førehand.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 04 13-15.

## RAPPORTERING

### **Sak 57 13-15**

#### **Rekneskap pr. 31.12.2013**

#### **Bakgrunn**

Rekneskap pr. 31.12.2013 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rekneskapen for 2013.

Med bakgrunn i vedtak i *Sak 43 13-15* er det gjort følgende avsetningar frå 2013 til 2014;

- **Ski i Skulen:**  
Kr. 100 000,- er sett av for å sikre vidare drift i 2014
- **Arbeidsutvalet:**  
Kr. 40 000,- er sett av til eit føremål bestemt av styret
- **Prosjekt Telemark:**  
Kr. 19 894,- (overskotet på prosjektet) er sett av til å sikre aktivitet i 2014
- **Alpinkomiteen:**  
Kr. 30 000,- er sett av til eit føremål bestemt av komiteen
- **Langrennskomiteen:**  
Kr. 20 000,- er sett av til eit føremål bestemt av komiteen

Med bakgrunn i framlagt rekneskap godkjenner Skikrinsstyret rekneskapen for 2013. Årsrekneskapen viser eit samla overskot på kr. 119 768,57.

- Arbeidsutvalet sitt økonomiske resultat er kr. 70 587,90
- Alpinkomiteen sitt økonomiske resultat er kr. 39 728,95
- Langrennskomiteen sitt økonomiske resultat er kr. 11 002,15
- Hopp- og kombinertkomiteen sitt økonomiske resultat er kr. - 1 550,43

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2013.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## **ORIENTERINGSAKER**

**Sak 58 13-15**

### **Oppsummering sesongen 2013-2014**

#### **Bakgrunn**

Leiarane i greinkomiteane summerte opp sesongen 2013-2014 innanfor følgjande område;

- Alpinkomiteen v/ Anders Felde
  - Skikrinsen var 4. største krins i samband med LF 2014
  - Svært gode resultat i nasjonalrenn og meisterskap
  - Dei fleste terminfesta arrangement er gjennomført, men mange arrangement er flytta grunna snømangel. M.a. har alpingr. i Sogndal IL teke på seg mange alpinarrangement på kort varsel.
- Langrennskomiteen v/ Arthur Hegrenes:
  - Sesongen har vore prega av snømangel
  - Kun eit terminfesta arrangement har blitt avlyst (Tuarenn), med unntak av diverse turrenn.
  - Nasjonalrenn og meisterskap;
    - variable sportslege prestasjonar senior/junior
    - fellesopplegget til krinsen har fungert bra
  - Krinslagsaktivitet
  - Iverksett opplegg med ambulerande trenar
  - 32 utøvarar på Hovudlandsrennet 2014
- Hopp- og kombinertkomiteen v/ Gunnar Fannemel og Lars Kveen:
  - Sesongen har vore prega av snømangel
  - Lite aktivitet lokalt
  - Avvikla KM og SFEhopp Cup Finale i Bjørkelibakkane
  - Omarbeiding av K15 og K40 i Bjørkelibakkane er positiv
  - God sesong av Anders Fannemel (OL deltaking m.m.)
    - Anders Fannemel er historisk ved at han er den 3. hopparen med pallplassering i fem norgesmeisterskap på rad
  - Eskil Kveen (Markane IL) har levert gode prestasjonar nasjonalt i hopp og kombinert
- Integrering;
  - Gjennomført ski- og snøsamling for funksjonshemma v/ Sogn Skisenter 11. februar
  - Planlagt ski- og snøsamlinga 12. februar på Utvikfjellet vart avlyst grunna snømangel
  - Ski- og snøsamling på Langeland 23. mars vart avlyst grunna snømangel

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Sak 59 13-15**

#### **Ski-tinget 2014**

##### **Bakgrunn**

Leiar og adm. orienterte styret om status i arbeidet med Ski-tinget i Loen på følgjande område:

- Rammeplan (køyreplan)
- Kulturelle innslag
- Gåve til tingdelegatar frå Sogn og Fj. Skikrins
- Samarbeid med Moods of Norway, Ricco Vero og Skogstad
- Økonomiske løyvingar frå fylkeskommunen, Stryn kommune og Norges Skiforbund.
- Budsjett

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 60 13-15**

#### **Opning av plashoppianlegget i Bjørkelibakkane, 11. juni 2014**

##### **Bakgrunn**

Det nye plashoppianlegget i Bjørkelibakkane skal opnast 11. juni 2014. I samband med opninga vil følgjande vere tilstades;

- President i Norges Skiforbund, Erik Røste
- Ordførar i Stryn Kommune, Sven Flo
- Leiar i kulturutvalet i fylkeskommunen, Nils Gjerland

Vidare skal SFE inviterast til opninga.

Gunnar Fannemel og Lars Kveen orienterte styret om framdrifta knytt til ferdigstilling av anlegget:

- God kvalitet på arbeidet som er utført
- K15 er ferdigstilt
- I K40 er ovarennert ferdigstilt

Kveen uttrykte elles bekymring for framdrifta i arbeidet med ferdigstilling av prosjektet.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Lars Kveen skal sende ein rapport til skikrinsen vedr. framdrifta i arbeidet med plashoppianlegget.

### **Sak 61 13-15**

#### **SleipnerHoven Loen**

##### **Bakgrunn**

Hotel Alexandra og Loen Active AS har gjennomført ein forstudie med føremål å avklare sentrale problemstillingar kring utvikling av fjellet Hoven som eit heilårleg reiselivskonsept med arbeidstittel «SleipnerHoven Loen».

Dette gjeld i all hovudsak eit ski- aktivitets- og opplevingstilbod. Grunnmuren i SleipnerHoven Loen er ei pendelbane frå Loen til fjellet Hoven (1008 m.o.h.). Saman med restaurant, infosenter, utsiktspunkt, tur-/langrennsløype, og eit mindre



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

alpinanlegg, vil dette i følge forstudien utløse eit spekter av naturbaserte aktivitetar og opplevingar.

### **Potensiale for alpint, langrenn, toppturar og frikøyring**

Frå Hoven, via Skredfjellet og Årheimsfjellet ligg eit relativt slakt alpint fjellområde. Her kan ein mest truleg legge til rette for preparerte langrennsløyper, og ein kan truleg køyre opp ca. 15 km med trakkemaskin og sporleggar. Hovudsesongen for denne type aktivitet er den mest stabile vørperioden i regionen frå mars og ut mai.

Det er vidare lokalisert to moglege skitrekktrasèar, og desse heisane vil løyse ut fire til seks nedfartar. Nedfartane vil truleg variere i vanskegrad.

### **Konkurransesituasjonen lokalt og regionalt – vinter**

SleipnerHoven Loen skal ikkje vere ein konkurrent til lokale skianlegg, eller ta opp kampen mot større etablerte skidestinasjonar. SleipnerHoven Loen er eit supplement i høve til tradisjonelle skisenter.

Tilboda i konseptet har utgangspunkt ein del høgare til fjells enn andre skistadar i regionen. Dermed vil ein ha fordel knytt til sikker tilgang av naturleg snø, og ein vil kunne forlenge skisesongen lokalt.

### **Førehandsuttale frå Sogn og Fjordane Skikrins**

I samband med Idrettskrinstinget 04.-05. april på Sandane var følgjande samla av Skikrinsstyret sine medlemmer: Inge Fænn, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes og Lilly Schøyen ( i tillegg til adm. sjef).

I samband med møtet laurdag 05. april fekk styreleiar godkjenning om at skikrinsen kunne sende følgjande førehandsuttale til prosjektleinga:

*SleipnerHoven AS er i gang med utarbeiding av eit forprosjekt knytt til forretningsideen SleipnerHoven: «Fjellet Hoven – ein opplevningsarena 365 dagar i året».*

*Føremålet med førehandsuttalen er å sjå på aktuelle innspel til vidare planlegging av det framtidige prosjektet.*

*Sogn og Fjordane Skikrins vil sjå på funksjonelle effektar eit slikt prosjekt kan gje, og evt. kva verkemiddel som trengst for å ivareta ski-idretten sine behov og interesser.*

*I planane som ligg føre vert det vist til utvikling av langrennsløype/turløype på ca. 15 km. I tillegg til utvikling av eit alpinanlegg i området rundt Hoven (ca. 900-1000 m.o.h.).*

*Med bakgrunn i dialog med styringsgruppa i prosjektet er Sogn og Fjordane Skikrins si vurdering at mykje ligg godt til rette for planlagd utvikling i nemnde område.*

*Med utgangspunkt i ski-idretten sine interesser ser ein prosjektet som berekraftig, spesielt med omsyn til at snøgrensa kryp stadig oppover, og at ein generelt registrerar eit større behov for snøfaste anlegg på Vestlandet.*



SOGN OG FJORDANE  
SKIKREINS

*Ein vurderar det elles slik at prosjektet ikkje vil vere i konkurranse med andre tilbod i regionen, då skiaktiviteten i SleipnerHoven prosjektet vil vere knytt til periodar på året ein elles har marginale ski- og snøtilhøve. Ein legg elles til grunn at prosjektet, også skianlegga, vert finansiert utanom idretten sine ordinære finansieringskjelder (les; spelemidlar)*

*Terrengkvalitetane i området vurderar ein som gode (med bakgrunn i tilsendt kartmateriale og dialog), men førebels er det vanskeleg å ta endeleg stilling til desse kvalitetane før ein har gjennomført synfaring.*

### **Langrennsløyper**

*I det vidare arbeidet med planane knytt til langrennsløypene er det viktig at trasèane kan preparerast med moderne prepareringsutstyr, og at løypene kan nyttast sjølv om det er skulle vere relativt lite snø i området. Dette inneber at ein til ei viss grad må vurdere maskinelt inngrep ved opparbeiding av trasèar.*

*Turløyper for ålmenta og treningsløyper for aktive er ofte dei same løypene. Varierte og morosame løyper, gjerne lange, gjev ofte den beste skiopplevelsen. Turløyper må byggast slik at dei er til glede for flest mogleg, Terrenget må vere lett og variert, med lengde og vanskelegheitsgrad som gjev flotte naturopplevingar. Det er elles viktig å vere merksam på at løyper i høgfjellet ofte er utsett for sterk vind, og kan vere vanskelege å vedlikehalde i dårleg vèr.*

*Turløyper forbinder ein ofte med klassiske spor. Interesse for friteknikk er på den andre sida aukande i alle aldersgrupper. Ein anbefalar at løypebreidda bør vere minst 5 meter. Set eit klassisk spor på høgreside, og preparer resten av breidda for friteknikk.*

*Turløyper (langrennsløyper) blir ofte brukt av turgåarar, mosjonistar og syklistar om sommaren. Eit grunnarbeid på barmark kan sikre god nytte av trasèen sommarstid. Og ein bør såleis vurdere å «tørrelegge» løypene.*

### **Mindre alpinanlegg**

*Dei seinare åra har alpinanlegga vore gjenstand for store endringar. Nye skidisiplinar, endringar i utstyr og ikkje minst forventingane til publikum, gjer at anlegga gjennomgåande må utformast og drivast med høgare krav til standard enn tidlegare. Frå å vere spesialarena for alpin skisport på ulike nivå, tilrettelegg mange anlegg for nye skidisiplinar som skicross, slopestyle etc.*

*Terrengparkar er ofte ein viktig del av totaltilbodet, og alpinanlegga vert difor stadig meir komplekse. Terrengparkane kan vere integrert i anlegget eller ligge utanfor. I eit overordna planleggingsbilde må ein sjå alpinanlegget i ein heilskap.*

*Mange alpinanlegg er utforma på ein slik måte at ulike brukargrupper må dele dei same nedfartane. Det vert ikkje stilt eksakte krav til kategorisering av nedfartar i eit alpinanlegg. Her må ein vurdere vanskelegheitsgrad, og lage anbefalingar etter skjønn.*



SOGN OG FJORDANE  
SKIKREINS

Nedfartane må vere dimensjonert for å betjene kapasiteten i heisane. Hovudnedfartane må vere tilstrekkeleg breie, slik at kollisjonsrisikoen er liten sjølv på dagar med stor trafikk. Ein anbefalar breidde på 40-50 meter, med fall på 15-45% ved utforming av gode carvingløyper. God løypedesign er eit av dei aller viktigaste kriteriane for å gje brukarane gode og positive skiopplevingsar. Nedfartane bør ikkje lagast med lange rette strekk, men følgje terreng og svinge der det er naturleg. Lange bratte parti med sideskrått terreng bør ein unngå.

Det er viktig at bakken er godt grunnpreparert. Stubbar og steinar som stikk opp må ikkje forekomme.

Mange populære områder har ofte ein naturleg tilgjenglegheit frå toppen av heisen. Ettersom desse områda (off-piste område) benyttast av mange skikøyrarar, kan dei oppfattast som ein del av anlegget sitt nedfartstilbod. Ved inngangen må det informerast om at skikøyring utanfor oppmerka område skjer på eige ansvar. I nokre tilfelle er off-piste løyper ein del av anlegget sitt tilbod og synleggjort på løypekart. Spesiell tilrettelegging for off-piste køyring kan skje ved tynning av skog og noko rydding av grunnforholda. Skilting og merking av farlege parti er viktig. I tillegg må faren for snøskred vurderast kontinuerleg.

Heistraseen og nedfartane bør plasserast og fastleggast samtidig. Det er også viktig å planlegge trasèar på ein slik måte at anlegget kan utviklast vidare på eit seinare tidspunkt. Bakkeheisar må ikkje beslaglegge godt eigna areal for nedfartar.

Kapasitet i heisar og løyper må vere balansert slik at ein unngår køar og flaskehalsar. Det finst fleire formalar for berekning av både arealbehov for nedfartar og kapasitet i heisar

Ein terrengpark er eit «anlegg i anlegget» - som primært vert nytta av løparar med snowboard eller twin tip ski. Ein terrengpark inneheld element som hopp, rails, corners og boxes. Installasjonane er sett saman i ei eller fleire linjer. Aktiviteten her inviterar meir i retning av freestyle og skiakrobatikk, enn tradisjonell skikøyring.

I den seinare tid har det blitt vanleg at også mindre alpinanlegg tilbyr denne typer parkar/element, noko som bidrar til å trekke større ungdomsgrupper til anlegga. Terrengparkane med sine fleirbrukselement gjev tilbod til ulike brukargrupper og bidreg til ei generell auke i trafikken, ettersom det gjerne er born og ungdom som bestemmer kvar felles familieutflukter skal gå.

### **Estetikk**

Eit skianlegg i dette området må fungere praktisk, og anlegget må vere tilpassa landskapet. Estetikk og miljø er såleis ikkje utvendig «pynt», påført anlegget etter at det er ferdig, men eit samla uttrykk for kvalitetane anlegget representerar. Gode skianlegg er også vakre.

Å ivarte byggeskikkogrepet vil vere svært viktig i eit slikt anlegg, og dette omhandlar bygningar, tekniske anlegg, vaier, terrengbehandling og forholdet til





SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

landskap og vegetasjon. Såleis er utforminga av skianlegg eit samspel mellom estetikk, teknikk og funksjon.

Sogn og Fjordane Skikrins ynskjer dykk lukke til med den vidare utforminga av prosjektet, og vi bidreg gjerne med vår kapasitet ved behov.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og stiller seg vidare positiv til prosjektet under føresetnad av skianlegga i SleipnerHoven Loen ikkje vert ein konkurrent til lokale skianlegg. Ein legg vidare til grunn at skianlegga vert realisert utanom idretten sine ordinære finansieringskjelder.

### **Sak 62 13-15**

### **Interkommunalt samarbeid om Jølster Skisenter (Jølster og Førde kommune)**

#### **Bakgrunn**

Jølster Skisenter AS har bede Jølster kommune om å søkje å få i stand interkommunal avtale i samband med søknad om spelemidlar til utviding av snøproduksjonsanlegg. Slik status vil auke spelemiddelfinansieringa med 20% til anlegget. Jølster kommune har gjort vedtak om å gå inn med driftstilskot til det aktuelle anlegget. Føresetnaden er at det vert inngått avtale med Førde kommune i samsvar med regelverk for interkommunale idrettsanlegg.

Investeringa det no vert søkt om støtte til er på totalt kr. 2,7 mill. Jølster Skisenter AS finansierar dette gjennom INU kr. 1 mill., kr. 700 000,- i spelemidlar, kr. 550 000,- i mva. refusjon og kr. 330 000,- frå Jølster kommune sitt omstillingsfond. Dugnadsinnsatsen er stipulert til kr. 190 000,-.

Jølster Skisenter AS vart godkjent som interkommunalt anlegg i samband med utbygging og investering i perioden 2006-2009. Dette vedtaket gjeld ikkje for søknaden som no ligg føre.

For at Jølster Skisenter sin eigen finansieringsmodell knytt til utviding av snøproduksjonsanlegget skal verte godkjent som interkommunalt anlegg må det ligge føre avtale mellom Jølster og Førde kommune.

Dette innbefattar at m.a. Førde kommune gjev eit investeringstilskot på kr. 135 000,-, samt at kommunen gjev tilskot til drift av snøproduksjonsanlegget med kr. 3 500,- årleg i 20 år. For orden skuld kan ein legge til at formannskapet i Jølster kommune har gjort naudsynte vedtak og økonomiske løyvingar, under føresetnad av det kjem på plass ein interkommunal avtale mellom nemnde kommunar.

I ettertid har det komnt fram opplysingar som kan tilseie at vilkåra skissert ovanfor ikkje er i høve til departementet sine retningslinjer for interkommunale avtalar.





SOGN OG FJORDANE  
SKIKREINS

Leiar i Førde IL Ove Farsund og leiar i Førde IL alpingruppa Tor Egil Nedrebø, har i skriv til formannskapet i Førde kommune d.s. 04. april 2014 uttrykt si bekymring for at Førde kommune skal inngå ein interkommunal avtale med Jølster kommune. (Skrivet har også vorte publisert som lesarinnlegg i Firda, 10. april).

I skrivet advarar Farsund og Nedrebø Førde kommune å inngå ein slik avtale, både av økonomiske og prinsipielle grunnar.

Her følgjer eit utdrag (sitat) frå skrivet frå Førde IL til formannskapet i Førde kommune (signert Ove Farsund og Tor Egil Nedrebø).

- *I utgangspunktet er det kanskje snakk om «småpengar» over ein 20 års periode, men vi vil likevel advare Førde kommune mot å innlate seg på dette av både økonomiske og prinsipielle grunnar. I tillegg er det vår vurdering at et slikt vedtak med dei føringane som ligg i dette vil true framtida til Sunnfjord skisenter (Blomlia), Førde IL Alpin og Førde IL Jibb & Freestyle.*
- *Med lavt folketal og konkurrerende skianlegg i både Nordfjord og Sogn er marknaden for sal av heiskort i Sunnfjord er avgrensa. Det er etter vår meining likevel plass til to anlegg tilsvarande dei vi har i Førde og Jølster i dag. Begge disse anlegga kan drivast lønnsamt og utviklast, men ein premis for dette er dugnadsdrift og lave kapitalkostnader.*

*Jølster skisenter har vore eit økonomisk utfordring for majoritetseigarene Jølster kommune (40 %) og Jølster Idrettslag (15 %). Selskapet har tapt eigenkapitalen fleire gongar og eigarane har jamnleg måtte tilføre ny kapital i diverse redningsaksjonar siste 10 -12 år, og det er naivt å tru at Førde kommune ikkje vil bli implisert i dette som garantist for interkommunalt anlegg. Som det framkjem av søknaden planlegg JS også neste år store investeringar, sjølv etter ein elendig sesong og med svak økonomisk stilling.*

*Blomlia og Jølster skisenter konkurrerer om de same lokale kundane, og dersom Jølster fortsetter med ulønnsame investeringar i anlegget vil Blomlia av naturlige årsaker tape kundar. Dersom Førde kommune støttar JS i dette arbeidet utan å stille tilsvarande opp i kommunens eige anlegg vil dette over tid medføre at grunnlaget for drift i Blomlia forsvinner.*

*I saksnotatet til formannskapet kjem det også fram at Førde kommune kan tenkje seg å sette som vilkår at skular, idrettslag og organisasjonar i Førde får høve til å nytte Jølster skisenter til t.d. lågare pris. Dersom kommunen i tillegg til å støtte JS, også på ein slik måte vil kanalisere dei viktigaste kundegruppene frå Blomlia til JS vil grunnlaget for vidare drift i Blomlia forsvinne relativt raskt.*

*Saksnotatet angjev vidare at en støtte vil styrkje Sunnfjord som skiregion og tilbodet til alpinsporten. Dette er ein feiltolking, spesielt knytta til alpinsport. Dei som kjenner alpinsporten veit at alpinistane hovudsakeleg kjem frå små nærmiljøanlegg tilsvarande det vi i dag har i Førde og Jølster. Dersom Førde kommune ønskjer å styrkje alpinsporten i Sunnfjord, må dei sikre at like konkurransevilkår for dei to eksisterande anlegga. Sunnfjord som skiregion*



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

*utover ein berekraftig utvikling av dei to anlegga vi har i dag er urealistisk. Her bør Førde kommune heller støtte opp om utviklinga i Sogndal.*

*I ein situasjon der fleire av kommunens og Førde Idrettslag sine eksisterande idrettsanlegg enno ikkje er fullfinansiert/nedbetalt i den gjeldande økonomiplanen for 2014 – 2017, så vil vi meine det er prinsipielt feil å bruke pengar på JS.*

*Dersom kommunen likevel ynskjer å støtte JS meiner Førde IL at formanskapet må bevilge tilsvarande beløp til den planlagde utbygging av snøproduksjon i den nye barneheisen i Blomlia. Ein annan konklusjon vil være direkte øydeleggande både for anlegget og det flotte dugnadsmiljøet som har bygd opp skisenteret over snart 30 år.*

Ein kan vidare legge til at formannskapet i Førde kommune handsama saka i samband med møte 10. april 2014. I møtet valde formannskapet å utsette vedtak i saka. I vedtaket om utsetjing ber Førde kommune søkjar (Jølster kommune) avklare premissar kring interkommunale anlegg.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## **Sak 63 13-15**

### **Ski i Skulen 2014**

#### **Bakgrunn**

Adm. sjef orienterte om status for Ski i Skulen 2014.

Ski i Skulen har vinteren 2014 vore prega av svært vanskelege snøtilhøve mange stadar i fylket.

Hausten 2013 hadde følgjande skular/idrettslag stadfesta si deltaking i det årvisse prosjektet.

- Gaupne skule/ IL Bjørn. Tal elevar 31 (5. og 6. klasse)
- Flatbygdi skule/ Vik IL. Tal elevar 30 (5.og 6. klasse)
- Breim skule/ BBIL. Tal elevar 41 (6. og 7. klasse)
- Flatene skule/ Førde IL. Tal elevar 60 (4. kl.)
- Tonning skule/ Markane IL. Tal elevar 55 (5. kl.)
- Tangen skule/ ÅTIL. Tal elevar 15 (6. kl.)
- Leikanger skule/ Syril IL. Tal elevar 30 (5. kl.)
- Hjelle skule/ Eid IL. Tal elevar 50 (5. kl.)
- Sunde barneskule/ Førde IL. Tal elevar 46 (5. og 6. kl.)
- Frøysland skule/ Haukedalen. Tal elevar 13 (heile skulen)
- Hyen skule/ Hyen IL. Tal elevar 20 (.....kl.)
- Haugen skule/ Haugen IL. Tal elevar 30 (5.-7. kl.)
- Trudvang skule/ Sogndal IL. Tal elevar 59 (4. kl.)

Totalt;

- 13 skular/ idrettslag
- 450 elevar



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Vanskelege snøtilhøve i mange anlegg har ført til at Ski i Skulen 2014 ikkje har blitt gjennomført i høve til oppsett plan.

Ski i Skulen 2014 er gjennomført ved følgjande skular/idrettslag:

- Gaupne skule/ IL Bjørn. Tal elevar 31 (5. og 6. klasse)
- Flatbygdi skule/ Vik IL. Tal elevar 30 (5. og 6. klasse)
- Breim skule/ BBIL. Tal elevar 41 (6. og 7. klasse)
- Tonning skule/ Markane IL. Tal elevar 55 (5. kl.)
- Tangen skule/ ÅTIL. Tal elevar 15 (6. kl.)
- Leikanger skule/ Syril IL. Tal elevar 30 (5. kl.)
- Haugen skule/ Haugen IL. Tal elevar 30 (5.-7. kl.)
- Trudvang skule/ Sogndal IL. Tal elevar 59 (4. kl.)

Samla har 8 av 13 skular/idrettslag gjennomført Ski i Skulen i høve til opphøveleg plan, og tilsaman har 290 av 450 elevar delteke i prosjektet i 2014.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **Sak 64 13-15**

#### **Revidert budsjett 2014**

##### **Bakgrunn**

Adm. la fram revidert budsjett 2014

### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjenner revidert budsjett for 2014.

### **Sak 65 13-15**

#### **Gjesteliste i samband med Skitinget 2014**

##### **Bakgrunn**

I samband med Skitinget i Loen 14.-15. juni kan Sogn og Fjordane Skikrins invitere inn til 20 gjester ifbm. tingmiddagen.

Leiar gjer framlegg om at følgjande skal inviterast til tingmiddag laurdag 14. juni:

- Per Knut Åland, Hornindal IL
- Odd-Bjørn Hjelmeset, Fj./ Vereide IL
- Marianne Kjørstad, Haugen IL
- Anders Fannemel, Hornindal IL
- Jan Heggheim, næringsavdelinga fylkeskommunen
- Nils Gjerland, kulturavdelinga fylkeskommunen
- Ingebjørg Erikstad, fylkesdirektør kultur
- Per Kristian Storevik m/ følgje, Stryn Kommune (rådmann)
- Ivar Sægrov, Jølster IL
- Ingrid Færøyvik, Fjordi
- (Per Sigve Selseng, Stig Seljeset, Ingrid Narum og Asgeir Årdal)

I tillegg vert Skikrinsstyret og adm. invitert;

- Inge Fænn, leiar (NSF inviterar)



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- Anders Felde, nestleiar (NSF inviterar)
- Hallvard Nygård, medlem (NSF inviterar)
- Reidun Hegrenes, medlem (NSF inviterar)
- Lilly Schøyen, leiar AK (NSF inviterar)
- Arthur Hegrenes, leiar LK (SFSK inviterar)
- Gunnar Fannemel, leiar HKK (SFSK inviterar)
- Asle Sande, 1. varamedlem (SFSK inviterar)
- Yngve Thorsen, adm. sjef (NSF inviterar)

I samband med middag og mottaking fredag 13.06.2014 gjer ein framlegg om at følgjande skal inviterast;

- Sven Flo, Stryn kommune
- Richard Grov, Hotell Aleksandra
- Arvid Andenæs, Sparebanken Sogn og Fjordane
- Gunn Aase Moldestad, Sparebanken Sogn og Fjordane
- Inge Fænn, leiar
- Anders Felde, nestleiar
- Hallvard Nygård, medlem
- Reidun Hegrenes, medlem
- Lilly Schøyen, leiar AK
- Arthur Hegrenes, leiar LK
- Gunnar Fannemel, leiar HKK
- Asle Sande, 1. Varamedlem
- Lars Kveen, SFSK
- Yngve Thorsen, adm. sjef

### **Vedtak**

Skikrinsstyret vedtek framlegget som eit utgangspunkt. Lista over gjester skal forøvrig vurderast nærare av styreleiar og adm. sjef.

## **Sak 66 13-15**

### **Representasjon Skitinget 2014**

#### **Bakgrunn**

Jf. Norges Skiforbund si lov kan Sogn og Fjordane Skikrins stille med fem delegatar i samband med Skitinget 2014. I høve vedtak i samband med Skikrinstinget 2013 har Skikrinsstyret fullmakt til å velje representantar og delegatar til alle forbund- og kringsting i perioden 2013-2015.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande utsendingar i samband med Skitinget 2014:

- Inge Fænn, Markane IL
- Anders Felde, Breimsbygda IL
- Hallvard Nygård, Førde IL
- Lilly Schøyen, Sogndal IL
- Reidun Hegrenes, Førde IL
- Vara: Asle Sande, Førde IL



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Sak 67 13-15**

#### **Vårmøtet 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for skikrinsen sitt Vårmøte.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Vårmøtet 2014 skal avviklast på Skei, Skei Hotel, tysdag 03. juni.

### **Sak 68 13-15**

#### **Møteplan Skikrinsstyret – hausten 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset møteplan for hausten 2014.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret fastset tidspunkt for styreseminar til 29.-30. august 2014.

Adm. vurderar saman med styreleiar om seminaret skal gjennomførast ved Hotel Aleksandra (evt. andre stader).

### **Sak 69 13-15**

#### **Norges Skiforbund sin Jubileumspokal**

##### **Bakgrunn**

Styret i Norges Skiforbund har oppretta eit nytt heidersteikn; ”Jubileumspokal”.

Heidersteiknet skal vere ein inspirasjon til juniorutøvarar som viser haldnings-  
skapande engasjement, og som arbeider for ski-idretten sitt verdigrunnlag og  
visjon.

- Jubileumspokalen skal delast ut i kvar krets kvart år, ein til kvart kjønn, uavhengig av grein.
- Den skal delast ut til aldersgruppa junior (17-20 år), og ein kan kun få den ein gang.
- Det skal vere ein vandrepokal med inngraving av årstal, navn og idrettslag.
- Vandrepokalen varer i 10 år. I tillegg får utøvarane ein miniatyrpokal til odel og eige
- Følgjande kriteriar skal vektleggast hjå kandidatar som vert tildelt pokalen:
  - o Inkluderande
  - o Humørspreiar
  - o Deltakande
  - o Rette verdiar
  - o Fair Play
  - o Ambassadør for sporten
  - o Stort frivillig engasjement
  - o Sportslege resultat (skal vektleggast i liten grad).
- Framlegg til kandidatar fremmast av styremedlemmar og tekniske komitear i krets
- Tildeling vert vedtatt av styret i kretsen
- Utdeling av pokalen skal skje i samband med kretsting, store arrangement eller jubileumstilstelningar i krets.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Kostnader/praktiske detaljar/ logistikk;

- Kostnad knytt til innkjøp av 16 x 2 vandrepokalar (pr. 10 år) + 16 x 2 miniatyropokalar pr. år dekkast av Norges Skiforbund.
- Ordninga skal forankrast i eksisterande heidersteikn og administrerast av NSF sentralt, bestilling utsending m.m.

NSF oppmodar kretsane om å setje igang prosess i eigen krets med å finne aktuelle kandidatar til å motta pokalen, samt finn eit passende høve for utdeling.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at laga skal inviterast til å komme med framlegg til kandidatar.

Frist for innsending av grunngjevne framlegg er 20. august 2014.

Utmerkinga skal delast ut i samband med Haustmøtet 2014.

### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef